



KONFIRMANT✠ 2021



Velkommen
som konfirmant
i Førde, Holsen og
Haukedalen kyrkjer.



DEN NORSKE KYRKJA

Ei viktig tid – eit viktig val!

Det er berre eit år til ein høgtideleg dag i livet ditt.

Konfirmanttida er ei tid for å tenkje nye tankar, få nye opplevingar og kanskje nye vener! I konfirmanttida er det tid og rom for å tenkje og stille spørsmål. Ei tid for å lære meir om Gud, om deg sjølv og om andre menneske.

KVA ER KONFIRMASJON?

Ordet konfirmasjon kan bety både «å stadfeste» og «å gjere sterk». Konfirmasjonshandlinga er ei forbønshandling der vi ber Gud om å velsigne og styrkje kvar enkelt konfirmant. I konfirmasjonen stadfestar Gud løfta sine som han ga i dåpen. Det viktigaste med konfirmanttida er å bli betre kjend med den kristne trua, der Gud seier ja til oss og vil vere ein del av livet vårt.



EI KONFIRMANTTID FOR ALLE

Alle har rett til ei god konfirmanttid uansett funksjonsevne. Dersom det trengst individuell tilrettelegging, ta det opp på konfirmantinnskrivninga, evt. ta kontakt med den konfirmantansvarlege, (sjå kontaktinfo på baksida) slik at vi kan finne dei gode løysingane for dykk.

EG ER IKKJE DØYPT – KAN EG KONFIRMERAST?

Du er velkomen til å delta i konfirmantopplegget sjølv om du ikkje er døypt. Dåpen er ein føresetnad for å delta i den avsluttande forbønsgudstenesta. Kvart år er det fleire konfirmantar som blir døypte.



Kyrkjelyden ønskjer at konfirmanttida skal vere ei god og lærerik tid for alle konfirmantane, fylt med fine opplevingar, erfaringar og kunnskap til å ta med seg vidare i livet. For at tida skal bli best mogleg, avtalar vi på førehand kva vi kan vente av kvarandre.

Av tilsette og konfirmantleiarar i kyrkjelyden kan de vente at:

- Vi bryr oss om konfirmantane.
- Vi gjer vårt beste for at konfirmanttida skal vere lærerik og minneverdig.
- Vi – saman med konfirmantane – lagar god undervisning og flotte aktivitetar.
- Vi sender ut informasjon i god tid
- Vi svarar på e-post, telefon og sms.

Av konfirmantane ventar vi at:

- Du deltek i all undervisning og alle aktivitetar, inkl. minst 8 gudstenester i løpet av konfirmanttida.
- Du møter presis til timane og tek med konfirmantbibelen (som du får av oss) og skrivesaker.
- Foreldra melder frå når du er forhindra frå å kome, og du tek att fråvær med ekstratime eller oppgåveløysing.

Av dei føresette ventar vi at:

- De hjelper til med to foreldreoppgåver
- De møter på foreldremøta.
- De sender skriftleg melding til konfirmantlæraren på førehand dersom konfirmanten er nøydd til å vere borte frå ein del av opplegget.
- De følgjer opp og støttar konfirmantane.

Gudstenestene som inngår i konfirmantopplegget, er opne for alle, og de er hjarteleg velkomne.

Helsing frå oss som arbeider med konfirmasjon i Førde, Holsen og Haukedalen



Felles for alle konfirmantane

KONFIRMANT 2021

Alle samlingar skjer utanom skuletid. Noko skjer rett etter skuletid, medan noko skjer seinare på kvelden og/eller helg. Konfirmantane følj ikkje skuleklassane på konfirmantsamlingane, men vel konfirmantgruppe ut i frå interesse. Dei vil bli konfirmert klassevis (skuleklasse).

TUR TIL NESHOLMEN 19. ELLER 20. SEPTEMBER.

Vi startar konfirmantåret på Nesholmen leirstad i Hyen. Vi deler konfirmantkullet i to, og har ein heil dag saman med kvar gruppe. Det vert aktivitetar inne og ute. (NB! Merk at dette ikkje er den same turen som Hausttreff. Sjå under «konfirmantgrupper»)

NATTCUP 30. OKTOBER

Nattcup i Førdehuset er ein mangeårig tradisjon i Sunnfjord. Arrangementet er bygd opp rundt ein fotballcup, men det skjer mykje meir for dei mange konfirmantane frå Sunnfjord/Sogn: bading, kino, konsert, gudsteneste, show med Ruben Gazki og mykje meir.

AKSJONSHELG 20. MARS

Konfirmantane møtes til ei samling på Førde kyrkjetun. Her førebear vi m.a. fasteaksjonen, vi et eit måltid saman og har det kjekt.



FASTEAKSJONEN 23. MARS

Kvart år samlar konfirmantane i Førde, Holsen og Haukedalen inn pengar til Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon. Til saman vert det samla inn om lag 100.000 kr. Dette er ein dag der alle konfirmantane, og mange foreldre er med.



DEN NORSKE KYRKJA

GUDSTENESTER

Konfirmantane skal vere på minst 8 gudstenester inkl. dei obligatoriske i løpet av konfirmasjonstida.

Du får ei bok som du noterer i under gudstenesta.

Du kan gå på gudsteneste kvar som helst i landet. Hugs å få stempel/underskrift frå klokkar/prest, og ta godt vare på boka di.

PRESENTASJONGUDSTENESTER

Konfirmantane vert presenterte for sin kyrkjelyd på ei gudsteneste.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle!

Haukedalen kyrkje:

27. september kl. 11:00

Holsen kyrkje:

4. oktober kl. 11:00

Førde kyrkje:

25 oktober

Kl. 11:00 Halbrend, kl. 13:00 Fusk

LYSMESSE 6. DESEMBER

Dette er ei stemningsfull gudsteneste der konfirmantane deltek i heile gudstenesta.

Denne gudstenesta er obligatorisk for alle.

Førde kyrkje: 6. desember kl. 18:00

Holsen kyrkje: 6. desember kl. 11:00

Haukedalen kyrkje:

6. desember kl. 14:00

TEMAGUDSTENESTE 21. MARS

Dette er ei gudsteneste der Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon står i fokus, og konfirmantane inviterer foreldre, fadarar, kyrkjelyden og andre til å vere med å få ein «smakebit» på kva dei har vore igjennom i konfirmantåret. Denne gudstenesta er obligatorisk for alle Førde-konfirmantane.

TENESTEOPPGÅVER

Gjennom å delta i ei gudsteneste vil konfirmantane sjølv erfare at dei er ein del av kyrkjelyden. Difor skal alle konfirmantane vere med og delta på ei gudsteneste i løpet av konfirmanttida. Dersom du ynskjer å syngje, eller spele eit instrument, må du gjerne melde frå om det i påmeldinga.



Konfirmantgruppene

KONFIRMANT*
2021

Konfirmantane må velje gruppe ut i frå interesse. På dei fleste gruppene har vi eit maks tal konfirmantar. Det vil seie at ikkje alle konfirmantane kan få fyrste ynsket sitt. De må difor sette opp tre ynskje i *prioritert* rekkefølge. Om ein ynskjer det, kan ein sette opp 1-2 personar ein ynskjer å kome på gruppe med.

A: AKTIV KONFIRMANT

Aktiv konfirmant er ei gruppe for deg som liker å vere i aktivitet. 2 gonger i løpet av konfirmantåret vert det egne «aktivkveldar» der ein har ulike aktivitetar. Det kan t.d. vere orientering, gymsal-aktivitetar eller noko anna kjekt. I tillegg til desse to kveldane, vert det 6 samlingar på Førde kyrkjetun, og det som er felles for alle konfirmantane (tur til Nesholmen, nattcup osv.) Maks tal konfirmantar: 30

C: BYKONFIRMANT

Bykonfirmant er ei heilt ny gruppe i Førde. Denne gruppa vil reise ei helg til Bergen. Målet med turen er å bli kjende med ein kyrkjelyd i Bergen, og å bli kjend med nokre av dei kristne organisasjonane som jobbar med omsorg for menneske, t.d. Kirkens Bymisjon. Maks tal konfirmantar: 20

B: AKTIV KONFIRMANT

VINTERFERIE

Denne gruppa er lik gruppe A. Forskjellen er at aktivkveldane vert på dagtid to dagar i vinterferien.

D: KREATIV KONFIRMANT

Kreativ konfirmant er ei gruppe for deg som liker å lage ting og å vere kreativ. Kreativ konfirmant sine samlingar er knytt opp mot ulike kreative aktivitetar. Det kan t.d. vere leire, strikking, teikning, foto og mykje anna. Det vert 6 samlingar på Førde kyrkjetun, i tillegg til dei samlingane som er felles for alle konfirmantane (tur til Nesholmen, nattcup osv.) Maks tal konfirmantar: 20



DEN NORSKE KYRKJA

E: DECIDING KONFIRMANT

Deciding er Førde si Ten Sing gruppe. Dei har medlemmer frå 8. klasse og opp til 3. vgs. Dei øver kvar tysdag kl. 19:00-21:30. I Deciding driv ein hovudsakeleg med kor, men ein tysdag i månaden er det dans, drama, multimedia og teknikk. Deciding har eigne turar og konsertar. Om du er glad i å synge, er Deciding (konfirmant)gruppa for deg. Som Deciding-konfirmant vert ein med på alle øvingane og konsertane i skuleåret. I tillegg vert det 6 samlingar for konfirmantane på Førde kyrkjetun, og det som er felles for alle konfirmantane (tur til Nesholmen, nattcup osv.)



Om du ynskjer å reise på leir, er det tre alternativ å velje mellom:

F: HAUSTTREFF KONFIRMANT

LEIR 16.-18. OKTOBER

Haustrtreff er ein leir i regi av Sogn og Fjordane KFUK-KFUM for 13 – 19 åringar frå gamle Sogn og Fjordane. Her vert det musikk, kor, band, friluft og aktivitet. Det blir leir, moro og konkurransar inne og ute heile helga.

(NB! Dette er ikkje den same turen til Nesholmen som alle konfirmantane skal på i september.)

Maks tal konfirmantar: 25

G: SMSLEIR KONFIRMANT

LEIR 29.-31. JANUAR

Smsleir er ein leir i regi av NMSU (Det norske misjonsselskap Ung) på Alværa misjonssenter i Lavik. På leiren vert det aktivitetar inne og ute som t.d. ballspel, hobbyaktivitetar, leirkveld mm. Maks tal konfirmantar: 35.

H: SKILEIR KONFIRMANT

LEIR 5.-7. FEBRUAR

(EVT 12.-14. MARS LEIR 2)

Skileir er ein leir på Fjellseter ungdomssenter. Mykje av leiren skjer på Strandafjellet skisenter, men det vert og tid til inne-aktivitetar på kveldane. Maks tal konfirmantar: 35. (Om det vert veldig stor pågang, er det moglegheit for to skileirer.)

Økonomi

KONFIRMANT* 2021

Konfirmantåret kostar ulikt ut i frå kva gruppe du vel.

Turen til Nesholmen i september, nattcup, mat på nokre av samlingane og leige av konfirmantkappe er likt for alle gruppene. Om nokon treng økonomisk støtte, bed vi deg ta kontakt med ansvarleg for konfirmantåret. Vi har av og til konfirmantar frå andre kyrkjesamfunn som deltek i deler av, eller heile konfirmantåret. Ta kontakt for praktiske og økonomiske avklaringar.

A OG B: AKTIV KONFIRMANT

Pris: 1100,- dekker og utgifter til aktivitetane

C: BYKONFIRMANT

Pris: 1800,- dekker og reise til og opphald i Bergen

D: KREATIV KONFIRMANT

Pris: 1100,- dekker og materiell til aktivitetane.

E: DECIDING KONFIRMANT

Pris: 1800,- dekker og medlemskap i Deciding (900,- og medlemskap i KFUK-KFUM 300,-)

F: HAUSTTREFF KONFIRMANT

Pris: 2100,- dekker og reise + leiropphald

G: SMSLEIR KONFIRMANT

Pris: 2100,- dekker og reise + leiropphald

H: SKILEIR KONFIRMANT

Pris: 2300,- dekker og reise, leiropphald og heiskort



DEN NORSKE KYRKJA

Foreldre/føresette

For å gjennomføre konfirmantåret er vi avhengige av de foreldre. Difor får de foreldre to oppgaver som vi treng dykkar hjelp til. Set opp **tre** ynskje i prioritert rekkefølge i påmeldingsskjema. (Men du får berre to oppgaver.) Om nokon har særskilde behov når det gjeld foreldreoppgaver, må de skrive det inn i kommentarfeltet i påmeldinga.

1: VERE MED PÅ LEIR/ I EI KONFIRMANTGRUPPE

For at vi skal kunne gjennomføre leir og bykonfirmant, er vi avhengige av at nokre foreldre kan vere med som medhjelpar (heile eller deler av helga). Vi kan og ha behov for foreldre på aktiv konfirmant og kreativ konfirmant. Skriv i merknadsfeltet kva gruppe du kan vere medhjelpar for.

2: VERE MED PÅ TUR TIL NESHOLMEN

Vi treng foreldre som kan vere med bussane ut til Nesholmen og hjelpe til med ulike praktiske oppgaver der ute. Om det er nokon som kan køyre buss til Nesholmen ein av dagane (tilsett i Firda billag), er det flott! Meld evt. frå om det i påmeldinga.

3: VAKT PÅ NATTCUP

Vi treng foreldre som kan vere vakt på nattcupen 30. oktober. Vi treng nokre foreldre som kan ha eit ekstra ansvar inn mot dei ulike konfirmantgruppene (halve natta, og vi treng foreldre til dei «ordinære» vaktene (passe inngangane, plukke søppel etc.). Her har vi bruk for nokre foreldre med førstehjelp/livredningskompetanse. Skriv i merknadsfeltet om de kan vere med ei konfirmantgruppe, og/eller om de har førstehjelp/livredningskompetanse.

4: KØYRING TIL FASTEAKSJONEN

Vi treng mange sjåførar denne dagen som kan køyre konfirmantane til dei ulike stadene dei skal samle inn pengar.

5: HJELP PÅ AKSJONSHELG/PRAKTISK HJELP PÅ KONFIRMANTSAMLINGAR

Vi treng foreldre som kan hjelpe til med praktiske oppgåver ei konfirmantsamling eller aksjonshelga. Det kan vere å hjelpe til med å lage mat, vere tilgjengeleg for konfirmantane i pausane osv.

6: PRAKTISK HJELP PÅ KONFIRMASJONSDAGEN

Vi treng foreldre som kan vere med og hjelpe til med konfirmantkappene og gåveposane på Førde kyrkjetun ein av konfirmasjonsdagane ein sjølv ikkje har konfirmant.

I tillegg til desse, kjem vi til å spørja dykk i løpet av året om å bake ca. 30 bollar anten til Nesholmenturen i september, eller til fasteaksjonen i mars.

Når konfirmanten har tenesteoppgåve på gudsteneste, spør vi foreldra om å bidra på kyrkjekaffien.

På førehand: Takk for hjelpa!



Påmelding til konfirmantåret

Vi ynskjer at de melder dykk på konfirmantåret elektronisk.

KONFIRMANT
2021

Om nokon har vanskar med det, bed vi dykk ta kontakt med kyrjekontoret for hjelp eller manuell påmelding.

PÅMELDING STEG FOR STEG:

1. Gå inn på minkirkeside.no/Sunnfjord
2. Registrer mobilnummer anten til konfirmant eller forelder. Du får då tilsendt ein kode du må bruke for å logge inn og starte registreringa.
3. Trykk på registrer ny konfirmant.
4. Vel sokn. (Førde, eller Holsen og Haukedalen)
5. Fyll ut skjemaet. Det er viktig at du fyller ut all etterspurt informasjon. Bruk kommentarfeltet om du har tilleggsinformasjon. Sjekk at e-post er stava riktig. (Om du har ein annan e-postkonto enn hotmail, bruk gjerne den andre då vi har utfordringar med å nå fram med e-postar til hotmail-kontoar.)
6. Trykk send inn.
7. Du er no påmeldt til konfirmantåret. Du får automatisk tilsendt ein e-post som syner påmeldinga di. Dersom du ikkje får e-post med stadfesting av påmeldinga, må du sjekke spam-filteret i e-posten. Om det ikkje ligg melding der, må du gå inn igjen på [minkirkeside](http://minkirkeside.no) for å sjå om påmeldinga er blitt registrert.

Dersom du har problem med påmeldinga, send e-post til:

heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no

Konfirmantinnskriving

Etter at du har meldt deg på konfirmantåret, ynskjer vi at du kjem på konfirmantinnskriving i juni. For meir informasjon sjå vedlagte brev.



DEN NORSKE KYRKJA

Konfirmasjonar

2021

25. april kl. 10:00 9A Fusk

25. april kl. 12:00 9B Fusk

02. mai kl. 10:00 9C Fusk

02. mai kl. 12:00 9D Fusk

13. mai kl. 10:00 9A Husk

13. mai kl. 12: 00 9B Husk

15. mai kl. 10:00 9C Husk

15. mai kl. 12:00 9D Husk

09. mai kl. 11:00 Holsen

23. mai kl. 11:00 Haukedalen

KONFIRMAN†
2021

Kontaktinfo

Heimeside: kyrkja.no/forde

E-post: post.forde@sunnfjordkyrkja.no

eller heidi.styve@sunnfjordkyrkja.no

Tlf: 57 82 81 80

Ansvarleg for konfirmantåret i Førde,

Holsen og Haukedalen sokn:

Heidi Voltersvik Styve



DEN NORSKE KYRKJA